

***Ingolf Dale frå Kondis har no kontrollmålt og sertifisert løypene i Etne Løpsfestival.***

**5 km:** startar frå Old River Saloon ved Etne Stadion. Løypa går på vegen rett aust, tek til venstre på gangvegen og over brua. Så til venstre igjen og ut fjordalangs mot Skånevik. Rett før Fjøsna er det merka snupunkt etter 2.5 km. Så er det same vegen rett til mål. Ein av dei raskaste 5 km i landet.

**Fjordalangs-halfmarathon:** Motsett veg av 5 km – rett vest mot Tongane – til venstre i fyrste kryss og opp på E-134. På venstre side av europavegen i ca 500m der me tek av til venstre igjen. Der spring me bort til Gamle Enge Skule og ut fjordalangs mot Skånevik. Dei første ca 8 km er bortimot paddeflate, så kjem ca 2.5 km med litt kupert terreng, deretter ca 1 km flatt før litt stigning 4 – 500 m mot vending. Så kjem ”cluet”: no er det berre 9 km rett inn mot mål på halvmaraton. Du kjem inn til krysset på returen, men no tek du mot høgre på gangvegen over brua og mot høgre igjen mellom Øyane Asvo og brannstasjonen. Komen der er det berre 350 m til mål.

**Fjordalangs-marathon:** to identisk like halvmaraton. GOD TUR!

**More info: Gisle Sellevold 47339600**